

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 12/2017

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen

GJENNOMSLAG 1: HVO FÅR 14 MILLIONAR TIL DIGITALISERING AV GRUNNSKULELÆRARUTDANNING

Høgskulen i Volda har fått 13,6 millionar kroner til digitalisering av grunnskulelærarutdanninga. – Ei sterk tillitserklæring til fagmiljøa våre, meiner dekan Arne Myklebust. Av 11 prosjekt frå 10 høgskular og universitet i landet er Høgskulen i Volda sitt prosjekt eitt av fem utvalde. Det betyr at høgskulen får 13,6 millionar kroner over tre år, i tillegg er det kalkulert med midlar til investering i utstyr samt fylgjesforskning i prosjektet.

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/laerarutdanningsmiljoet-vert-digitale-spydspissar>

GJENNOMSLAG 2: HVO FÅR 10 MILL TIL FORSKING PÅ IPAD OG HANDSKRIFT I SMÅSKULEN

Forskningsprosjektet, som har fått namnet DigiHand, har fått tildelt midlar gjennom Noregs Forskningsråds program FINNUT. Dette er institusjonsforankra strategiske midlar. Det er søkt om 12,5 millionar kroner. Av 16 prosjektsøknadar har 4 fått forskningsmidlar, der dei andre utanom Høgskulen i Volda (HVO) er NTNU, Høgskulen på Vestlandet og Høgskolen i Sørøst-Norge.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/skal-forske-pa-bruk-av-nettbrett-skulen>

SEIN INNLEVERING AV MANGE PENSUMLISTER

Fristen for å levere pensumlister for våren 2018 var 1. november. No har studieadministrasjonen laga oversyn over emna våren 2018, og det er diverre ein heil del pensumlister som manglar. Sjå lenkja nedanfor for eit oversyn over kva pensumlister som er klare og kven som manglar:

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlister-2018-var>

NYE WWW.HIVOLDA.NO

Nettsidene har vore på lufta eit par veker og nettrekaksjonen set pris på alle tilbakemeldingar. Send e-post til vev@hivolda.no om det er noko som manglar, om det er noko du lurer på, eller om du har andre kommentarar.

REKORDMANGE TOPPKOMPETENTE KVINNER VED HØGSKULEN I VOLDA

Aldri tidlegare har vore så mange professorar og dosentar ved Høgskulen i Volda, og aldri før har det vore så mange toppkompetente kvinner. Professorar og dosentar står no for 26 årsverk utført av tilsette ved Høgskulen i Volda - det er det høgste talet nokon gong og utgjør litt over 20 prosent av alle fagleg tilsette. Kvinner står no for 23 prosent av dosent- og professorårsverka, noko som er ei kraftig betring sidan 2014 då andelen var på 7-8 prosent. Høgskulen i Volda var då svakast i landet på dette området, men nærmar seg no landsgjennomsnittet. I alt utfører tilsette ved HVO 326 årsverk, og kvinner stod for ca 55 prosent. Høgskulen har dei siste åra hatt dobbelt så mange faglege årsverk som administrative årsverk og ca 20 studentar pr faglege årsverk. Begge deler er rundt gjennomsnittet for statlege høgskular.

NETTPUBLISERING AV INTERNE MØTE

Dokumentsenteret har det siste året arbeidd med å legge til rette for fulldigitalisering av møta i interne utval ved Høgskulen i Volda. Rundt 15 styre, råd og utval ved Høgskulen har no vorte gjort tilgjengelege på nettsida, gjennom modulen Open Government Meetings – OpenGov. Modulen er knytt til vårt interne saks- og arkivsystem Public 360° og er i tråd med HVO sin grafiske profil. Det er utvalssekretæren i det enkelte utval som er ansvarlege for at sakspapira blir tilgjengelege.

Du finn modulen på HVO si nettside: [Om Høgskulen i Volda – Utval](#).

STUDIEBAROMETERET 2017: VOLDA LIGG GODT AN - MEN MÅ BLI BETRE!

Studentundersøkinga Studiebarometeret rullar vidare, og svarfristen er 14. november kl 12.00. Torsdag 9. november hadde HVO passert 50 prosent svar mot eit landsgjennomsnitt på 38 prosent. Volda ligg dermed blant institusjonane med høgast svarprosent. Her kan du sjå kor mange som har svara i kvar einskild studentgruppe ved Høgskulen i Volda, og oversynet vert løpande oppdatert.

<http://survey.studiebarometeret.no/report/shared/66048c1e-570c-497b-be6f-8060f0f5f4ff>

Her er eit løpande oversyn over svarprosenten ved alle høgskular og universitet:

<http://survey.studiebarometeret.no/report/shared/789b3e68-04dd-4117-8526-4716c8e5cfd7>

FJORDKONFERANSEN 2018 I ÅLESUND - FRIST FOR SAMANDRAG 15. FEBRUAR 2018

Fjordkonferansen blir for første gong arrangert i Ålesund, 21.-22. juni 2018. Temaet for 2018-konferansen er modellar. Frist for å melde på samandrag (abstract) til konferansen er 15. februar 2018. Høgskulen i Volda er ein av medarrangørane av konferansen i lag med NTNU Ålesund, Høgskolen i Molde, Møreforskning og Høgskulen på Vestlandet. Leiar i styringsgruppa er Øyvind Helgesen, NTNU Ålesund.

Meir informasjon om konferansen og krav til samandrag og innlegg finn ein på nettsidene til konferansen: www.fjordkonferansen.no

HELSE MØRE OG ROMSDAL OG HVO SAMARBEIDER OM FOU

Helse Møre og Romsdal legg i desse dagar for første gong fram ein FoU-plan. Planen har fått namnet FIUK-planen etter sentrale utfordringar for helseføretaket: F = Forsking, I = Innovasjon, U = utdanning, K = Kompetanseheving. Helse Møre og Romsdal er blant helseføretaka i landet som har lågast FoU-utgifter målt i prosent av samla budsjett, og Møre og Romsdal fylke ligg lågt på dei fleste FoU-statistikkar over offentleg FoU-innsats. Høgskulen i Volda har delteke undervegs gjennom innspel frå fagmiljøa og ønskjer eit tettare samarbeid med helseføretaket. Blant anna gjennom samarbeid om ph.d.-programmet i helse- og sosialfag. Dette vart blant anna formidla på ein dialogkonferanse der helseføretaket og UH-institusjonane i Møre og Romsdal deltok. Dette skal bli ein årleg konferanse og Høgskulen i Volda står som vertskap hausten 2018.

<https://helse-mr.no/fag-og-forskning/forskning/strategi-og-handlingsplan-fiuk>

27 SØKJARAR PÅ 8 STIPENDIATSTILLINGAR

Høgskulen i Volda har hausten 2017 lyst ut åtte stipendiatstillingar på prioriterte fagområde. Dei næraste åra tek HVO sikte på å lyse ut om lag 8 stillingar årleg. På ph.d.-utdanninga i helse- og sosialfag og for lærarutdanning blir det kvart år lyst 2-3 stipendiatstillingar. På andre fagområde blir det lyst ut stillingar sjeldnare. Her er tal søkjarar på dei åtte stillingane:

Helse- og sosialfag (inntil 3 stillingar): 9 søkjarar.

Lærerutdanning (inntil 2 stillingar): 6 søkjarar.

Samfunnsplanlegging (1 stilling): 2 søkjarar.

Journalistikk (1 stilling): 10 søkjarar.

Norsk (1 stilling): Ingen søkjarar.

JAPANSK DELEGASJON VITJA HVO - VIL SENDE STUDENTAR I 2018

Ein delegasjon frå det japanske Rikkyo-universitetet i Tokyo har besøkt Høgskulen i Volda for å undersøke om vi kan vere ein god vertsinstitusjon for utreisande japanske studentar.

Delegasjonen frå Japan vart leia av Universitetspresident dr. Tomoya Yoshioka. Høgskulen i Volda har alt fleire japanske studentar, men ikkje frå Rykkio. Men voldastudentar er alt i dag å finne ved Rikkyo.

I ei helsing frå Rikkyo etter besøket i Volda vart internasjonalt kontor ved HVO takka for "amazing hospitality" og "generous support for logistics". Og dei var glade for å møte studentar frå Japan og andre land i Volda: "We were also pleasantly surprised to see students from Japan, which proves that the quality of education at Volda University College attracts good students from all over the world.". Resultatet av besøket i Volda blir altså at Rykkio vil sende studentar til Volda neste år, i følgje Katsuyoshi Kanno som er International Partnership Officer ved Rykkio-universitetet.

<https://www.hivolda.no/index.php/hivolda/gjestar-fra-japan-til-hvo>

GÅVEBOK FRÅ HVO

Kontor for samfunnskontakt har fått laga ei fotobok som skal brukast som ei offisiell gåve frå HVO i høve der det passar. Resultatet har vorte ei nydeleg bok med fine bilde frå Volda og Nord-vestlandet og med korte tekstar på norsk og engelsk. Boka er på ca 50 sider i liggande A4-format, har stive permar og vil vonleg vere eit fint minne for langvegsfarande gjestar. Dei som meiner boka kan passe som gåve tek kontakt på samfunnskontakt@hivolda.no. Boka vert internfakturert.

Fotoboka er også til sals for privatpersonar i Studentsørvis og er eit fint gåvetips no som jula nærmar seg.

JULEBORD 2018 PÅ QUALITY ULSTEIN HOTELL

HVOs julebord for 2018 blir arrangert på Ulstein Hotell fredag 8. desember kl 19.30.

Invitasjonen til julebordet har vorte sendt på e-post til alle tilsette og påmeldingsfristen er 24. november. Det går buss frå HVO kl 18.45 med retur kl 23.30 og 01.00.

NYTT FRÅ PERSONALKONTORET:

Nye tilsette og tilsette med endra stillingar: Førsteamanuensis II Line Joranger (ASH), førsteamanuensis Ola Teige (ASH), førsteamanuensis Stig Helset (AHL), seniorrådgjevar Lene Hovde (ASH).

Tilsette som har slutta: Stipendiat Torhild Godø Sæther (AKF), høgskulelektor Anne Marie Verpe (ASH).

Ledige stillingar ved Høgskulen i Volda

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN:

<https://blogg.hivolda.no/jr>

[Studentrekord i Volda – men ikkje i fylkesstatistikken](#) (6. november 2017)

Høgskulen i Volda sette hausten 2017 ny rekord i tal studentar: Heile 4.184 studentar har valt å studere ved Høgskulen i Volda, den største utdanningsinstitusjonen i Møre og Romsdal. Men slik ser det ikkje ut i fylkesstatistikken.

[Rekordstor barnehagekonferanse – opningshelsing](#) (26. oktober 2017)

Dette er utan tvil det største arrangementet som Høgskulen i Volda er involvert i. Konferansen stangar i taket når det gjeld konferansekapasitet i Parken i Ålesund, så dette er også ein av dei største konferansane i Møre og Romsdal. Og faktisk er dette også ein av dei største barnehagekonferansar i heile landet.

[www.hivolda.no har blitt ny – men bør aldri bli ferdig](#) (25. oktober 2017)

Nettsidene til Høgskulen i Volda har fornya seg, og det skjedde i dag 25. oktober 2017. Det er i god tid før juletida 2017 då mange nye studentar for alvor tek til å orientere seg mot eit nytt studieår hausten 2018.

[Høgskulen og næringslivet? Klart det!](#) (21. oktober 2017)

Høgskulen i Volda har både historikk som ei privat verksemd og har i alle år hatt nært samarbeid med privat verksemd i regionen. Men kanskje handlar det å skape gull av gråstein og å klare seg med lite og gjere det beste ut av situasjonen meir om sunnmørsk livs- og overlevelshaldning enn noko som berre gjeld for etablerarar i privat sektor.